

## Referat frå epost styremøte i Folkekulturforbundet desember 2009

**Tilstades:** Marit Jacobsen, Tore Friis Olsen, Helen Hansen, Eli Ulvestad og Johanne Kjelsberg  
**Frå kontoret** Kjærsti Gangsø

Det var utsendt eit notat om handtering av tilskot til kurs i Seniordans Norge. Utfordringa er at framlegg til Statsbudsjett 2010 ikkje har i seg nokon auke i tilskot til studieforbund, at kursverksemda i Seniordans Norge er i sterk vekst samstundes som at organisasjonen vart med sommaren 2008 og dermed ikkje er med i utrekningsgrunnlaget for tilskot FOLK får frå Kunnskapsdepartementet.

Om det hadde kome auke i stasbudsjettet kunne FOLK makta å bære kostnadane ved kursverksemda, utan vekst må tilskot til Seniordans Norge tas frå eigenkapitalen.

### **46/09 Særskilt tilskot til kursverksemd i Seniordans Norge 2010.**

#### **Vedtak:**

Tilskot til kurs i Seniordans Norge blir vidareført på same nivå som hausten 2009. Kr 50,- per time med lærar, 20 per time utan lærar og kr 75,- til instruktørutdanning. Grunnlaget for vedtaket er manglande auke i tilskot til studieforbund neste år og gjeld heile 2010.

08.12.2009

Ved protokollen  
Kjærsti Gangsø